



KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 22. mai 2019

Stad: Kommunehuset – møterom Børilden

Kl.: 08.30 – 12.30

Tilstade: Solveig Hopen (leiar), Arne Kästel (nestleiar), Tore Austrheim (medlem),
Bente Øksnes (medlem) og Edvard Bjerkestrand (medlem)

Innkalla: Fung. rådmann Olav Mongstad (til sak 24 og 25/19)
Økonomisjef Olav B. Andersen (til sak 24/19)
Barnevernsleiar Annika Tvedt Villanger (til sak 25/19)
Ole Georg Hoaas (til sak 25/19)

Revisjon: Revisjonssjef Janne Eraker, Nordhordland Revisjon IKS

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall:
Tore Austrheim deltok frå og med sak 24/19

21/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

22/19 Godkjenning referat frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte 09.04.2019

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 09.04.2019 er godkjent

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 09.04.2019 er godkjent

23/19 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

Fylkesmannen i Vestland - budsjett økonomiplan 2019 Austrheim

Behandling i møte:

Fylkesmannen sitt skriv vart gått gjennom og drøfta.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Kontrollutvalet har festa seg ved fylkesmannen sine merknader til budsjett økonomiplan 2019

24/19 Årsrekneskapen 2018 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:

Rekneskap og årsmelding for 2018, Austrheim kommune.

Revisjonsmeldingar til kommunestyret datert 15.04.2019 og 16.05.2019

Revisjonsrapport nr. 16, datert 15.05.2019, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret.

Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg kommuner og fylkeskommuner»

Behandling i møte:

Rådmann, økonomisjef og revisjonssjef møtte i saka

Økonomisjef og rådmannen orienterte om årsrekneskapet og ulike tilhøve i dette, samt om planar for å snu utviklinga i 2019.

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen sine kommentarar i

Revisjonsrapport nr. 16.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2018, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd vedtek kontrollutvalet å gje slik uttale til kommunestyret om Austrheim kommune sin årsrekneskap for 2018:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Austrheim kommune for 2018. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt to revisjonsmeldingar for 2018 og Revisjonsrapport nr. 16.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Økonomisk resultat

Rekneskapen for 2018 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på omkring 1.0 mill. kr og eit positivt netto driftsresultat på 1,1 mill. kr (0,4%).

Dette utgjør ei positiv utvikling i høve 2017, då det var eit meirforbruk på 2,2 mill kr og eit negativt netto driftsresultat på -1,4 mill kr.

For kommunesektoren er det netto driftsresultatet tilrådd å vere på minimum 1,75%. Kommunen har eit stort avvik mellom måltal og resultat.

Totale inntekter auka i 2018 med 4,4% i høve til 2017. Dette er ein høgare vekst enn 4,0 % på landsbasis. Auka tilskot frå havbruksfondet og bokført utbytte frå Austrheim Næringssselskap AS er vesentlege faktorar til dette.

Driftsutgiftene auka med 4,1 % i 2018. I 2017 var auken på 6,8 % mot året før. Lønn og sosiale kostnader utgjør 71,2 % av totale driftskostnader.

Avvik i høve til budsjett - skjema 1A og 1B (drift)

I § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding er det sett krav om at avvik på dei ulike tenestoområda skal forklarast.

Det er totalt 3,2 mill. kr i meirforbruk på tenestoområda. Avvika er nærmare forklart i årsmeldinga s 14 -15.

Avvik i høve til budsjett - skjema 2A og 2B (investeringar)

Gjennomførte investeringar avvik noko i høve kva som vart lagt til grunn ved vedtak om budsjettet for 2018. Fylkesmannen stoppa ulike planlagde investeringar grunna status på ROBEK-lista. Unytta lånemidlar auka derfor mykje i 2018. Avvik er nærmare omtala i årsmeldinga s 15.

Årsmelding

Gjeldande kommunelov § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard. Årsmeldinga skal og innehalde opplysningar om dei tiltak som er starta for å sikre god internkontroll.

Desse områda er omtala i årsmeldinga side 18-21. Austrheim kommune hadde i 2018 ein auke i sjukefråvære til 8,6%, men kommunen ligg framleis under landsgjennomsnittet.

Revisjon

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering. Det er gjennomført interimrevisjon i året.

Av Revisjonsrapport nr 16 går det fram kva tilhøve revisjonen har gjeve kommentarar til.

- Budsjett - det er peika på at oppstillingane av drifts og investeringsbudsjett må endrast i samsvar med krav i forskrifta
- Utbytte frå Austrheim Næringssselskap AS - revisjonen tek atterhald om bokføringsmåte
- Drift vs investeringar - tilrår gjennomgang av prosjekt for vurdering av føring
- MVA – må føreta korreksjonar i 2019
- Kortsiktege fordringar – tilrår vurdering av framtidig tapsrisiko
- Sosialstønad og foreldrebetaling – tilrår innføring av rutine for avstemming
- Eigenkapital / sjølvkost – utrekningar er øk
- Langsiktig gjeld – tilrår endring i utrekning og avstemming av renter/avdrag for 2019

Revisjonen har i sin rapport ikkje vurdert sine kommentarar som vesentleg i høve til revisjonsmeldinga, men tek atterhald vedkomande utbytte frå Austrheim Næringssselskap AS.

Kontrollutvalet vil særskilt peika på følgjande tilhøve:

- Bokføring av utbytte frå Austrheim Næringssselskap AS
- Uavklart krav frå Helfo
- Sikre riktig handtering for bokføring av investeringar / drift

Kontrollutvalet vil elles peika på fylkesmannen sine merknader i brev datert 07.05.2019 til budsjett økonomiplan 2019.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2019 følgje opp revisjonen sine kommentarar og merknader i Revisjonsrapport nr 16.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 16.05.2019 og revisjonsrapport nr. 16 datert 15.05.2019, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Austrheim kommune for 2018.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedteke uttalen til kommunestyret slik den føreligg

25/19 Barnevern orientering om status

Saksvedlegg:

Notat - KU Behandling av Forvaltningsrevisjonsrapport Barnevern

Saksopplysningar:

Med grunnlag i orientering og drøfting av denne saka i kontrollutvalet under møte den 5. februar vart det sendt epost frå sekretæriet til rådmannen med slik tinging av informasjon:

«Forvaltningsrevisjonsrapport: «Rutinar for oppfølging av barn i fosterheim». Austrheim kommune 2016 vart handsama av kommunestyre i møte 26.04.2017. Kontrollutvalet har ved fleire høve sett status for oppfølging av tilrådde tiltak på sakskartet, (jfr. vedlagt notat med utdrag frå møter i KU om saka.)

I notat frå barnevernsleiar datert 01.12.17 (jfr. vedlegg), og den gong opplyst i møte, vart det uttalt at ein

- *Meiner at dei avvika, som framkom i forvaltningsrapporten, no er lukka*

I møte den 05.02.2019 vart det opplyst at ein

- *Skal utvikle og få på plass ulike rutinar og system for tenesta*

Av det som vart opplyst i møte den 05.02.19 er det uklart for utvalet om dette gjeld «barnevernstenesta» generelt, eller om manglande rutinar/system framleis er relatert til dei ulike tilhøva som vart omtala og tilrådd gjennomført tiltak for i forvaltningsrapporten.

På grunnlag av ulike opplysningar og signal til kontrollutvalet om statusen for barnevernstenesta vart det **i møte den 05.02.2019 gjort slik:**

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for informasjon og tek den til orientering

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå rådmannen i møte den 4. juni om status for tilrådde og gjennomførte tiltak av forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar for oppfølging av barn i fosterheim».

Kontrollutvalet ønskjer i møte den 4. juni å kunne få kvittert ut **om og korleis** tilrådde tiltak (jfr. dei opplista punkta i barnevernsleiar sitt notat) er gjennomført / evt. skal følgjast vidare opp. Det er derfor før møtet ønskjeleg å få opplyst og tilsend dokumentasjon med døme på endra prosedyrar / utarbeida rutinar for ulike tiltak nemnd i barnevernssjefen sitt notat av 01.12.17.

Med grunnlag av handsaminga av saka i møte den 4. juni vil kontrollutvalet etterpå gje ei tilbakemelding til kommunestyret om si oppfølging av forvaltningsrapporten.

Vil derfor her i samsvar med kontrollutvalet sitt vedtak, be om at rådmannen førebur ein gjennomgang av saka til møte den 4. juni.»

Planlagt møte den 4. juni er flytta fram til 22. mai.

Rådmannen har meldt attende at Barnevernsleiar Annika Tvedt Villanger og Ole Georg Hoaas vil møte for å orientere om saka.

Behandling i møte:

Fung. rådmann Olav Mongstad, barnevernsleiar Annika Tvedt Villanger og Ole Georg Hoaas møtte i saka.

Notat datert 22.05.19 til kontrollutvalet vart delt ut i møtet.

Barnevernsleiar orienterte om rutinane som er omtala i notatet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Ole Georg Hoaas orienterte om at det er søkt om tilskotsmidlar frå fylkesmannen til eit prosjekt dei neste to åra, og at det no er lyst ut ei prosjektstilling.

Behov for å gje ei orientering til kommunestyre om status for barnevernet vart drøfta.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting utan tilråding frå sekretær.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for informasjonen, tek den til etterretning og avsluttar no saka.

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonen om å gje ei orientering til kommunestyret om status for barnevernet og korleis forvaltningsrevisjonsrapporten no er følgd opp.

26/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

I møte den 9. april 2019 svarte dei 4 medlemene som var til stades slik på utdelt spørjeskjema. Der vart kryssa av for kvar av spørsmål nedanfor på ein scala frå frå 1- 6.
der 1 = lite/dårleg/uenig 6 = mykje/svært bra/enig

Møte og arbeid i kontrollutvalet	1	2	3	4	5	6
Har du fått god nok opplæringa om KU sine oppgåver og mandat ?			1	2		
Er dine forventningar til KU sitt arbeid innfridd?				3	1	
Er sakene som vert drøfta i KU relevante for oppgåver og mandat som KU har ?				1	2	1
KU er kommunestyrets kontrollorgan – fyller ein den rolla?				2	1	
Korleis fungerer arbeidet i KU, som eit kollegium ?				1	1	2
Sekretariatet						
Er sakene til møta i KU førebudd på ein tilfredstillande måte ?					3	1
Er vedtaka i KU tilfredstillande følgd opp av sekretariatet ?				1	1	2
Revisjon						
Er du nøgd med revisjonen sine rapportar og orienteringar ?				1	1	2
Forvaltningsrevisjon						
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte selskapskontrollar?		1		2	1	
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte forvaltningsprosjekt?				1	2	1
Oppfølging av vedtak i administrasjon / kommunestyre						
Har vedtaka i KU innverknad på administrasjonen si tenesteutøving?				3	1	
Har vedtaka i KU innverknad på kommunestyret sine drøftingar/vedtak?				3	1	
Samarbeid med administrativ og politisk leiing						
Vert rådmann /administrasjon for sjeldan kalla inn til møte i KU ?				2		2
Kor nøgd er du med administrasjonen sine orienteringar i KU ?			1	3		
Ordførar har møte og talerett i KU – bør ordførar møte oftare ?		1		1	1	1
Informasjon kontakt med innbyggjarane						
Er innbyggjarane i kommunen kjend med kva KU si rolle er?	1		3			
Burde lokalavisene vore meir engasjert i KU sitt arbeid?			2		1	1

Resultat av eigenevalueringa vert lagt fram til drøfting slik den føreligg.

Medlemene vert også oppmoda om å reflektere over

- Eigne erfaringar frå kontrollutvalsarbeidet i denne kommunestyreperioden
 - Kva har vore bra ? Kva bør endrast?
- Korleis leggje til rette for ei god opplæring av nytt kontrollutval
 - Felles tiltak i regi av sekretariat / revisjonen – tilrettelagt for KU
 - Deltaking i folkevaldsopplæringa
 - Ønskjeleg organisering av kurs
- Andre innspel/ framlegg

Behandling i møte:

Korleis arbeidet i kontrollutvalet har fungert i perioden vart drøfta

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber leiar om å orientere det nye kontrollutvalet om erfaringane frå arbeidet i denne perioden.

27/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

Behandling i møte:

Ingen merknader vart teke opp i møtet

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

28/19 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp i møtet

Neste møte i kontrollutvalet er 17. september 2019 kl. 08.30

Førebels saker til neste møte:

- Orientering om økonomisk status 2019
- Oppfølging revisjonsrapport nr 16
- Budsjet for kontrollutvalet 2019

Austrheim, 22.05.2019


Solveig Hopen / leiar


Øivind Olsnes / sekretær


Edvard Bjerkestad / medlem